

Kopi: Ordfører
Rådmann
Økonomi-
ansvarleg

Modalen kommune
Kontrollutvalet

Isdalstø, 04.05.2016
Revisjonsrapport nr.11

Årsrekneskapen 2015

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2015. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

Rekneskapsføringa er ryddig og rekneskapen er godt dokumentert. Vi gir i det fylgjande nokre kommentarar etter utført revisjon.

Revisjon gjennom året

Kostnader er kontrollert gjennom året i samband med attestasjon av mva kompensasjonsoppgåver. Merknader etter dette er teke opp med økonomikontor og korrigert gjennom året.

I 2015 har vi kontrollert faktureringsrutinar ved Modalen Barnehage og teke stikkprøver mot fakturering til foreldre frå økonomikontoret. Dette omfattar og kontroll av foreldrebetaling mot enkeltvedtak. Innkjøpsrutinar vart gjennomgått og nokre innkjøp vart kontrollert med omsyn til at varene var til stades. Rutinane var oversiktlege og klare og vi har ingen merknader etter desse kontrollane.

Likvidar er kontrollert i 2015 med omsyn til at alle kontantkassar og bankkontoar tilhøyrande kommunen er ført i kommunerekneskapen. Dette er rapportert i eige brev. Kontrollen viste ein kontantkasse som bør innarbeidast i kommunerekneskapen med periodiske kasseoppgjer.

Utestående krav

Kommunen har pr. 31.12.15 bokført avsetning til tap på krav kr 419 774. Ut frå oversikt gamle postar synest dette å dekkja tapsrisiko. Det er viktig at innkrevjingsrutinar med fast purring og vidare tiltak blir prioritert. Nokre utestående krav må avklarast for vidare oppfølging med NAV.

Verdipapir

Fondsplassering i Plus Likviditet er bokført i samsvar med årsoppgåve. Denne plasseringa er i 2015 endra gjennom uttak med kr 5,0 mill. og innskot på kr 4,5 mill. Total avkastning på fond i 2015 er kr 53 435. Dette utgjer om lag 1,1 % av gjennomsnittleg plassering.

Likvider og arbeidsdeling

Likvider er avstemt og dokumentert. Med liten administrasjon kan det vera utfordrande å etablere arbeidsdeling på likvidområdet. Vi vil likevel be om at kommunen vurderer korleis ein kan oppnå ein grad av arbeidsdeling mellom områda utbetaling, bokføring og avstemming av likvidar. Dette vil vera eit viktig internkontrollelement i økonomistyringa.

Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld er avstemt og dokumentert. Kommunen har betalt kr 1 500 000 i avdrag i 2015. Dette dekkar krav til minimumsavdrag etter kommunelova som for 2015 utgjer om lag kr 1,1 mill.

Notar til rekneskapen

Krav til notar i rekneskapen framgår av forskrift om årsrekneskap samt Kommunal rekneskapsskikk (KRS) nr 6. Det er nokre notar etter god kommunal rekneskapsskikk som ikkje er med i rekneskapen og vi ber om at dette blir vurdert innarbeidd ved neste årsoppgjer.

Dette gjeld mellom anna:

- Ytelse til leiande personar og revisor
- Sjølvkost

I tillegg krev KRS nr 6 noteopplysning om andre vesentlege forpliktingar, usikre forpliktingar og hendingar etter balansedagen med følgje for rekneskapen, samt spesifikasjon av uvanlege og vesentlege postar i rekneskapen. Kommunen har gjeve desse opplysningane i årsmeldinga, men bør og vurderer å ta dei inn i note til rekneskapen i medhald av rekneskapsstandarden.

Årsmelding

Vi har fått framlagt og kontrollert økonomidelen av årsmeldinga og har ingen merknader til denne.

Konklusjon

Rekneskapen er ryddig og godt dokumentert. Vi har ingen vesentlige merknader som medfører atterhald eller presisering i revisjonsmeldinga for 2015.

Med venleg helsing

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef